

Hjelmås VVS AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar: Ref.:J3TESA-  
Skjemar.:3935  
Vår: 22/909 - 23/25199

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
30.03.2023

## Foreløpig svar på ferdigmelding - gbnr 336/93 Ådland nordre

**Tiltak:** Tilknyting kommunalt vatn  
**Byggjestad:** Riplevikvegen 63 – Gbnr 336/93  
**Tiltakshavar:** Erlend Lien  
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigmelding

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje føre godkjent tilknytingsløyve. Tilknytingssøknad er ikkje handsama grunna manglande tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for private leidningsnettet som Gbnr 336/93 vil få felles med andre eigedomar i området.
2. Avtale om rett til å ha leidningar over annan manns grunn er ikkje tinglyst.

Vi gjer merksam på at alle rettigheitar skal være tinglyste før vi kan handsame søknad om tilknyting (jf. Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelser pkt. 2.3 Tinglyste erklæringer).

3. Det må leggast ved situasjonsplan (VA-kart) som viser leidningsnett «som bygd». Det skal også leverast innmålingsdata på sosifil.

Vi minner om at rørleggarmelding skal være godkjent og tilknytingsgebyr betalt før ein utfører tilknytinga. Rørleggar plikter å undersøke dette før oppstart av arbeid.

Da tilknytinga ikkje er godkjent vil dette føre til at tiltakshavar ikkje får bruksløyve/ferdigattest på bygg.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Byggesak v/sakshandsamar  
Erlend Lien

Ture Nermans Vei 5143  
165b

Fyllingsdalen

**Mottakarar:**

Hjelmås VVS AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG